

Høyringsbrev - Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Vindafjord kommune for 2027

Vindafjord kommune legg med dette forslag til forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Vindafjord kommune for tilskotsåret 2027 ut på høyring og offentleg ettersyn.

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet fastsette 23. mars 2026 ny forskrift om finansiering av private barnehagar. Frå tilskotsåret 2027 gjeld eit nytt finansieringssystem for private barnehagar.

Dei viktigaste endringane er:

- Tidlegare driftstilskot blir erstatta av grunntilskot og pensjonstilskot.
 - Satsane for grunntilskot skal fastsetjast av kommunen i lokal forskrift.
 - Pensjonstilskot skal fastsetjast gjennom enkeltvedtak for kvar private barnehage.
- Tidlegare kapitaltilskot blir erstatta av eigedomstilskot. Satsen for eigedomstilskot blir fastsett nasjonalt av Kunnskapsdepartementet.

Som lokal barnehagemyndigheit skal Vindafjord kommune fastsetje satsar for grunntilskot til private barnehagar i kommunen for 2027.

Føremål

Føremålet med forskrifta er å fastsetje satsar for grunntilskot som skal nyttast ved berekning av tilskot til private barnehagar i Vindafjord kommune i 2027.

Forskrifta skal sikre ei føreseieleg og etterprøvbar finansiering av private barnehagar i samsvar med gjeldande regelverk og prinsippet om likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar.

Rettsleg grunnlag

Kommunen skal fastsetje satsar for grunntilskot i lokal forskrift, jf. forskrift om finansiering av private barnehagar § 1.

Høyringa blir gjennomført i samsvar med reglane om utarbeiding av forskrifter i forvaltningslova § 37. Forskrifta skal fastsetjast og kunngjerast i samsvar med forvaltningslova § 38.

Berekningsgrunnlag


Vindafjord kommune har nytta berekningsmodellen utvikla av KS og Private Barnehagers Landsforbund (PBL) som grunnlag for berekning av satsane.

Modellen viser mellom anna:

- rekneskapstal som ligg til grunn for berekningane
- korrigeringar som er gjorde i samsvar med regelverket
- utrekna satsar per heiltidsplass

Berekningsgrunnlaget blir sendt til dei private barnehagane i kommunen på e-post.

Dokumentasjonen er òg tilgjengeleg saman med høyringsdokumenta på kommunen si nettside.



Offentleg ettersyn

Forslag til forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Vindafjord kommune for 2027 er lagt ut til offentlig ettersyn i høyringsperioden. Høyringsbrevet, forskriftsutkastet og tilhøyrande dokumentasjon er tilgjengelege på kommunen si nettside. Dokumenta kan òg gjerast tilgjengelege ved førespurnad til kommunen.

Innspel til høyringa

Kommunen ber særleg om innspel til:

- om forskrifta er tydeleg og lett å forstå
- om forskrifta er tilpassa lokale forhold
- om det er feil eller uklarheiter i berekningsgrunnlaget
- om det er behov for presiseringar eller justeringar i forskrifta

Innspel kan sendast til:

E-post: postmottak@vindafjord.kommune.no

Postadresse: Vindafjord kommune
Rådhusplassen 1
5580 Ølen

Høyringsfrist og vidare prosess

Høyringsfristen er sett til **27. august 2026**.

Etter at høyringsfristen er ute, vil kommunen vurdere innspela som er komne inn. Ei oppsummering av høyringsinnspela og kommunen sine vurderingar vil bli lagt fram i samband med politisk behandling av saka.

Det er lagt opp til at kommunestyret behandlar forskrifta i møte **13. oktober 2026**.

Relevante kjelder:

[Forskrift om finansiering av private barnehager \(finansieringsforskriften\) - Lovdata](#)

[Tilskuddssatser for private barnehager skal fastsettes som lokal forskrift | udir.no](#)

[Ny forskrift om finansiering av private barnehager - regjeringen.no](#)

